

Reglement for påskjøning av kommunale arbeidstakarar

(revisjon av reglement vedteke i KST-sak 053/00 og 092/00)

1. Kommunal påskjøning skal kunne tildelast kommunale arbeidstakarar i Hjelmeland kommune. Tildeling skal kunne skje ut frå eit gjennomsnittleg tilsettingsomfang på minst 25% stilling. Tildeling i følgje dette reglementet skal vere i samsvar med dei til ei kvar tid gjeldande reglar for skattefritak for gåver i arbeidsforhold. Endring av økonomiske satsar vil kunne bli regulert i samsvar med SSB's konsumprisindeks.
2. Arbeidstakar som sluttar eller går av med pensjon etter 10 års teneste i kommunen vert tildelt ei gåve med verdi p.t. inntil kr. 3 000,-.
3. Arbeidstakarar som oppnår 25 års teneste i kommunen vert tildelt eit gullur med innskripsjon.
4. Det vert gjeve høve til å gje utmerking til arbeidstakarar som på annan måte bør visast særleg heider. Verdi på utmerkinga er p.t. inntil kr. 1 000,-.
5. Arbeidstakarar som fyller 50 år og 60 år får blomstergåve med verdi p.t. inntil kr. 300,-.
6. Ved tildeling av påskjøning til arbeidstakarar som sluttar eller går av med pensjon etter 10 års teneste i kommunen, skal tenestetida vere samanhengande. Tildeling av påskjøning til arbeidstakarar som oppnår 25 års tenestetid vert målt ut frå arbeidstakaren sin samla, reelle tenestetid i Hjelmeland kommune.
7. Teneste etter oppnådd pensjonsalder tel med i tenestetida når tenesta er direkte framhald av eit arbeidsforhold før oppnådd pensjonsalder.
8. Dokumentert teneste frå privat verksemd vert rekna med dersom kommunen overtek verksemda. Tilsvarende gjeld også dersom kommunen overtek ansvaret for organ/institusjon som høyrer inn under fylkeskommunalt eller statleg ansvar.
9. Rådmannen v/ personalleiar har ansvar for forvaltning av reglement.

